



MØTEREFERAT

Tema:	Kommunereform Ørsta Volda. Møte forhandlingsutvala
Dato/Stad	Hotell Alexandra, Loen 21. januar 2016, kl 13-15
Møteleiar:	Jørgen Amdam, ordførar Volda kommune
Oppmøte:	Fride Sorthaug, varaordførar Volda kommune Rune Sjurgard, rådmann Volda kommune Dan Bjørneset, formannskapsmedlem Volda kommune Asbjørn Moltudal, kommunereformkontakt Volda kommune Stein Aam, ordførar Ørsta kommune Karen Høydal, varaordførar Ørsta kommune Per Are Sørheim, formannskapsmedlem Ørsta kommune Wenche Solheim, rådmann Ørsta kommune Gro Anita Bårdseth, kommunereformkontakt Ørsta kommune Per Ivar Lied, rådgjevar, Sunnmøre Regionråd (referent)

Før møtet var det felles kommunestyremøte om kommunereform med innleiingar, gruppearbeid og drøftingar 20. januar og formiddag 21. januar.

Hege Steinsland var til stades første del av møtet med forhandlingsutvala for ein gjennomgang av det felles kommunestyremøtet der ein brukte metodikken Open Space.

Drøftingane mellom kommunestyremedlemmane i dei to kommunane ved hjelp av metoden Open Space vart vurdert som gode og nyttige. No venta krevjande arbeid med å utarbeide ein intensjonsplan/-avtale og formidle god informasjon til innbyggjarane før planlagt folkeavstemming 19. mai.

Forhandlingsutvala var einige om følgjande:

- 16-åringar bør ha stemmerett ved folkeavstemminga i begge kommunar
- Kommunane lagar anbodsgrunnlag for å leige kommunikasjonsbyrå til å utforme informasjon til innbyggjarane.
- Koordineringsgruppa utarbeider utkast til intensjonsavtale til neste møte i forhandlingsutvala (29. januar). Her skal element som visjon, mål, skulestruktur, eldreomsorg/institusjonar og trygghet for tilsette m.m. vere med. Utfrå dette vil forhandlingsutvala gjere endringar som kan vere eit første råutkast til grunnlag for vidare drøftingar.
- Felles halvdagssamling for etatsjefane/administrative leiarar for å drøfte mulegheiter/utfordringar ved evt samanslåing Ørsta/Volda. Ein har god oversikt over tema/elementa, og involvering vil her vere det viktigaste.
- Intensjonsavtalen no om Ørsta og Volda, med åpning for Hornindal og Stryn i evt neste steg. Ordførar og varaordførar i begge kommunar vidarefører dialog.
- Faktaark bør ligge ved utkast til intensjonsavtale. Dette kan utvidast med noko fakta rundt kommunereform om Hornindal og Stryn, samt alternativ om ein held fram som i dag.

Vidare tidsplan forhandlingsmøter

Neste møte flytta til **fredag 29. januar kl 08.30, Volda**

Torsdag 4.februar kl 12-15 (Volda)

Torsdag 11.februar kl 10-13 (Ørsta)

Torsdag 18.februar kl 12-15 (Volda)

(22-26. februar vinterferie)

Onsdag 16. mars kl 9-16: (Volda)

Oppfølging til neste møte

- **Koordineringsgruppa utarbeider utkast til intensjonsplan**
- **Kommunane lagar anbudsdokument for kommunikasjonsbyrå**
- **Kommunane planlegg dag/opplegg for felles ½ dagssamling adm. leiarar**

Vedlegg: Rapport frå felles kommunestyremøte om kommunereform 20-21. januar

Møtet slutt ca 14:30.